

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Att. Kari Steig

<b>Dykkar ref.:</b> 23/3277	<b>Vår ref.:</b> 2023/706 - 11902/2023	<b>Saksbehandlar:</b> Erik M. Hansen	<b>Dato:</b> 10.11.2023
--------------------------------	---	---	----------------------------

## Høyring - Endring i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar

Helse Vest RHF takkar for høve til å gje innspel til høyring om endringar i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar.

Helse Vest RHF deltek med medlem i Teknisk beregningsutvalg for de nasjonale e-helseløysingane. Dermed er Helse Vest RHF godt kjent med det talgrunnlaget som er lagt fram av Norsk Helsenett SF.

Basert på arbeidet i Teknisk berekningsutval vil Helse Vest RHF påpeike at Norsk helsenett SF har fått ein god struktur på framstillinga av, og endringane over tid, i talgrunnlaget for dei ulike nasjonale e-helseløysingane.

Helse Vest RHF tek til vitande at det vert ein stor kostnadsvekst frå 2023 til 2024 på om lag 170 mill. kr. Det er ein *krevjande* kostnadsvekst for Helse Vest RHF. Helse Vest RHF vil difor her peike på fylgjande henta frå vurderingane til Teknisk berekningsutval *hausten 2023*;

*«Medlemmene i utvalget påpekte at kostnadsøkningen er krevende for sektor. Det oppleves utfordrende for kommunal sektor å kunne forsvare kostnadsøkningen så lenge det ikke er kjent hva nytten av de nasjonale e-helseløsningene er for den enkelte kommune. Samtidig peker medlemmer fra regionale helseforetak på at fokuset i sektoren bør rettes mot samfunnsøkonomisk nytte, fremfor den bedriftsøkonomiske nytten for den enkelte aktør. Direktoratet for e-helse skal være en pådriver for at nytten realiseres gjennom å måle og evaluere nytte, i tillegg til å operasjonalisere og følge opp gevinstrealiseringsplanen. Direktoratet for e-helse har startet et internt arbeid med konkrete tiltak knyttet til måling og evaluering av nytte.»*

Gitt den særskilte økonomiske situasjonen for heile helse- og omsorgssektoren, vil Helse Vest RHF også peike på fylgjande henta frå Teknisk berekningsutval sine vurderingar *hausten 2023* knytt til eigenkapitalen i Norsk Helsenett SF;

*«Utvalget påpekte at Norsk helsenett har hatt overskudd over flere år og opparbeidet stor egenkapital. Norsk helsenetts margin var også tema, samt risikoavsetning på e-helseløsningene på 5 prosent. Norsk helsenett mener dette er forhold som diskuteres mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Norsk helsenett, enten direkte eller via styret, og er ikke et tema for TBU. Norsk helsenett har forståelse for at medlemmene i teknisk beregningsutvalg har behov for informasjon og har tilbudt seg å gjennomgå de økonomiske rammebetingelsene til foretaket for medlemmene. Kommunene og de regionale helseforetakene mener at transparens om risikoavsetninger er viktig.»*

Helse Vest RHF er av det syn at Helse- og omsorgsdepartementet bør følge opp tilrådinga frå Teknisk beregningsutval. Dette vil, etter Helse Vest RHF sitt syn, kunne bidra til noko redusert kostnadsutvikling for den vidare drift og forvaltning av dei nasjonale e-helseløysingane.

Helse Vest RHF tek til vitande den store veksten i kostnader. Helse Vest RHF er samd i foreslått endring i fordeling av kostnadane mellom dei ulike sektorane i helse- og omsorgstenestene.

Helse Vest RHF er samd i forslag til endringar i forskrift 1. juli 2015 nr. 853 om standardar og nasjonale e-helseløysingar.

Med vennleg helsing  
Helse Vest RHF

Inger Cathrine Bryne  
Adm. dir.

Erik M. Hansen  
Direktør for e-helse

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne administrerande direktør

#### **Digital kommunikasjon**

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)